

## **Referat frå styremøte i Herand bygdelag 16.08.2016 kl 19**

Desse møtte: Kenneth Vikane, Kaia Gulbrandsen, Lars Sæverhagen, Gunnar Dalseth, Olav Strømsnes, Sigmund Eiken (vara), Jan Tore Huus (vara). Una Eiken og Marit Huus hadde meldt forfall.

Referent: Gunnar Dalseth

### **Sak 2016/48 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Godkjent

### **Sak 2016/49 Godkjenning av referat frå møte 21. mai**

Godkjent. Styret gjer ein merknad til at referata frå dei siste styremøta ikkje har vorte sett opp på plakattavla i Joker. Leiar skal sjå etter at det blir gjort.

### **Sak 2016/50 Orientering om føring av rekneskapet.**

Rekneskapet blir no utført av Erik Sølve Hansen, epost erik\_herand@hotmail.no. Styreleiar utfører framleis betalingar av rekningar i nettbanken.

### **Sak 2016/51 Krav frå Herand Båtlag på betaling av spyling av kloakk i juni 2015**

Denne saka var og oppe på styremøte før sommaren. Gunnar Dalseth og Sigmund Eiken møtte på eit styremøte i båtlaget 28. juli for å drøfte saka der.

Styret i bygdelaget gjorde vedtak om å avvise kravet etter ein del drøftingar. Styret meiner at problemet med kloakken og kravet om betaling burde ha vore framsett for bygdelaget når oppdraget med spyling vart tinga. Det viser og til at spylinga som vart utført ikkje løyste problemet, og måtte gjerast om igjen seinare av bygdelaget sine folk med kommunen sitt utstyr utan at det kosta noko.

Styret forventar elles at det nye anlegget (Høyneset) blir etablert med klare avtaler, ansvarsforhold og avgifter som gjer at slike problem blir unngått i framtida.

### **Sak 2016/52 Organisering av haustmarknaden**

Marknaden er sett opp på 8. oktober, og er no planlagt til å alternere annakvart år med Herandshelga. Styret kom med ein del idear til innhald. Undergruppe for arrangement med Marit Huus og Kenneth Vikane blir bedt om å etablere ein arrangementskomite og ta ideane vidare.

### **Sak 2016/53 Orientering om lotteri**

I løpet av sommaren har det vore selt lodd på ein del gjenstander laga av Martha Samland. Bjørg Samland og Martha Bergstø var med på salet. Vi er svært takknemlege for initiativet. Gevinstane skal trekkast på haustmarknaden.

### **Sak 2016/54 Tiltak for å auke aktiviteten i undergruppene**

Styret organiserer eit ope møte måndag 5. september. Målet er primært å dele erfaringar frå denne sesongen for dei som har vore engasjert i turistbransjen, men også å bruke høvet til å få fram idear som kan takast vidare av undergruppa som er organisert rundt landskapsparken / næringstiltak. Nokre idear har vore notert på ein plakat som har vore hengt opp på Joker i sommar.

### **Sak 2016/55 Eventuelt**

Leiar vil sende inn søknad om mva-kompensasjon før fristen 1. september

Det kan bli aktuelt å prøve med måndag som møtedag, og leiar vil halde resten av styret orientert.

Bladkomiteen arbeider med neste nummer av Bygdebladet med frist 20. august.

Herand, 19 august 2016

Gunnar Dalseth (leiar og referent)